



Nynorskprisen for journalistar Årsrapport 2007

Prisvinnar frå Dagsavisen



Kjell-Erik Kallset, leiar for politisk avdeling i Dagsavisen, fekk Kultur - og kyrkjedepartementet sin Nynorskpris for journalistar for 2007. Juryeleiar Gry Molvær overrekte han prisen på 50.000 kroner under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 28.juni. Med prisen fylgde kunstverket "Mediejomfru" av multikunstnaren Kjartan Slettemark. Kallset fekk prisen for å ha kjempa seg til å skrive nynorsk i Dagsavisen, og for å bruke ein stilsikker og fargerik nynorsk.

Kjell-Erik Kallset er frå Tingvoll på Nordmøre, fødd 1967, og var den fyrste fast tilsette i Dagsavisen som fekk bruke nynorsk. Han vart nekta å bruke språket sitt då han byrja i avisa for ti år sidan, men i Hilde Haugsgjerd si redaktørtid fekk han gjennomslag for å skrive kommentarane sine på nynorsk, men ikkje leiarane. Slik er det framleis.

– Prisvinnaren er tydeleg stolt av nynorsken sin, og har markert seg som ei personleg stemme i kommentarform. Han har ein stilsikker og fargerik nynorsk, og ein ledig og leiken stil, med kvass egg, retning og djupne, slik politiske kommentarar skal vere. Han har kjempa for å få bruke språket sitt, det var svært kontroversielt den gongen, men opna seinare for at andre journalistar i avisa og kan gjere det, sa juryeleiar Gry Molvær i tala til prisvinnaren. Etter det Kallset veit, har Dagsavisen aldri fått negative reaksjonar på at han skriv nynorsk, ikkje han sjølv heller, men det er mange som lurar på kvifor han må skrive bokmål på alt anna enn kommentarane i avisa.

Både kry og krenka

- Eg er kjøle kry, men og litt krenka og forbanna fordi det er nødvendig med ein pris for noko som skulle vere så sjølvsgatt, sa ein engasjert Kallset. Han tok eit kraftig oppgjær med redaktørane i dei store avisene, som på jamnen er høge og mørke når det gjeld yringsfridomen og rettane til einskildindividet, men ikkje når deira eigne journalistar ber om å få skrive nynorsk.

– Det er deira "skuld" at eg står her i dag som prisvinnar og kjenner meg både kry og krenka. Dei skryter av at dei tek vare på yringsfridomen, samstundes som dei nektar medarbeidarane å skrive sitt eige språk i spaltene. Avisene får milliardar i pressestøtte, pengar som mellom anna vert brukt til å undertrykke nynorskjournalistar. Redaktørane seier at avisene har som oppgåve å verne om einskildindividet, men bryt desse honnørorda til dagen mot eigne journalistar, sa Kjell-Erik Kallset. Den kraftfulle takketalen hans var og eit oppspark til debatten etterpå.



- Ytringsfridom – men berre på bokmål ?

Dette var emnet for debatten med eit panel samansett av nyhenderedaktør Jan Erik Røsvik i Sunnmørsposten (frå venstre), politisk redaktør i VG, Olav Versto, prisvinnar Kjell-Erik Kallset. og debattredaktør Hilde Sandvik i Bergens Tidende. Ordstyrar var Kari Sørbø.

Trass i mange forsøk lukkast det ikkje å få nokon av dei ansvarlege redaktørane i dei større avisene i Oslo til å stille i panelet. Alle hadde meir eller mindre gode grunnar for å la vere. Kari Sørbø opna difor debatten med å melde at "vi har ikkje fått Gud til å kome, men Jesus er her". Olav Versto svarde kjapt at han var klar til korsfesting. Han slo fast at bokmål var VG sitt språk, slik er det og han kom ikkje til å gjere noko for å endre på det. Han lova ein laurdagskommentar om Dei Nynorske Festspela på nynorsk. – De må berre ikkje tru at det blir ein vane, sa Versto.

Debattredaktør Hilde Sandvik i BT fortalde om den tospråklege avisa si, som naturleg nyttar både nynorsk og bokmål. Men heller ikkje i storavisa på Vestlandet har det skjedd utan at einskildpersonar hadde teke språkkampar fram gjennom tidene. - I nyare lesarundersøkingar er det berre eldre menn over 60 år som mukkar litt mot nynorsken, dei fleste seier at dei ikkje legg merke til om artiklane er på nynorsk eller bokmål, sa Sandvik. Ho meinte det måtte vere eit mål for alle aviser.

Nyhenderedaktøren i Sunnmørsposten, Jan Erik Røsvik, forsvard ein språkpraksis der det skal skrivast bokmål frå byn, nynorsk frå bygda, uavhengig av kva journalisten sjølv har som hovudmål. Frå Dei Nynorske Festspela måtte dei skrive på nynorsk, elles vart det gale, meinte han, til stor hovudristing i salen. På direkte spørsmål frå ordstyrar Sørbø vedgjekk han at det helst var nynorskjournalistane som var tospråklege.

Det vart ein frisk og engasjert debatt, med god hjelp frå ordstyrar Sørbø og publikum. Debatten varde i 45 minutt og hadde god oppslutning i salen.

Arbeidet i juryen

Det kom inn 21 forslag til kandidatar til Nynorskprisen for journalistar. Prisen vart lyst ut, med 1. april som frist for å kome med framlegg, på nettsida i NRK, Nynorsk mediesenter, nynorsk.no og Adressavisa. Elles med lysing i Aftenposten, Nationen, Klassekampen, Dag og Tid, Stavanger Aftenblad, Bergens Tidende, Firda og LNK-avisa. Ved ein feil vart det i fyrste omgang ikkje lyst i Journalisten, difor utvida vi fristen til 1.mai. Vedtak om ein månads frist for framlegg også neste år, og vi må streke endå tydelegare under at framlegga må vere grunngeve.



I juryen sit framleis (frå høgre) sjefredaktør i Stavanger Aftenblad, Tom Hetland, Bryne, forfattar Olaug Nilssen, Odda og NRK-journalist Gry Molvær, Trondheim, som leiar. Magni Øvrebotten, frå Nynorsk mediesenter, er sekretær for juryen.

Juryen hadde møte i Trondheim 11. mai og valde mellom dei 21 framlegga som hadde kome inn frå heile landet. Det var fem namn med i ein andre runde, men då fall valet ganske raskt på Kjell-Erik Kallset. Grunngevinga er mykje godt attgjeven i tala til leiaren for juryen under prisutdelinga. Juryen peika elles på at Kallset representerer dei som tek ein kamp for å få bruke språket sitt, og nynorsken er avhengig av dei. Han kan såleis vere eit føredøme for andre, meinte juryen.

- Med kunst skal vondt fordrivast



I statuttane for prisen står det at det skal fylgje eit kunstverk av ein norsk kunstnar med dei 50. 000 kronene.

Kjell-Erik Kallset fekk ein fotokopi av "Mediejomfru" av multikunstnaren Kjartan Slettemark. Han er svensk statsborgar, men fødd og oppvaksen i Sogn og Fjordane.

– Kunstverket vi brukar i år kan kanskje reflektere Kallset si første reis som nynorskbrukar i Dagsavisen og som nyskapande inspirator i same medium, sa Gry Molvær under utdelinga.

Kjartan Slettemark har laga mange "mediejomfruer" i ulike format og materiale. Sjølv seier han at :

" Mediejomfru er eit synonym for kunstnar, dvs det sjelslege tilstandet under skapandet, fylje inspirasjonen".

Kjartan Slettemark er fødd i Naustdal i Sunnfjord, 6.august 1932. Han har budd i Sverige sidan 1959 og vore svensk statsborgar sidan 1966. Slettemark skifta

statsborgarskap etter alt oppstyret kring biletet "Rapport frå Vietnam", som vart øydelagt i monteringen framfor Stortinget i 1965. Innanfor veggane på Stortinget har det vore oppstyr kring kunsten hans også dei seinare åra. Fyrst kravde Presidentskapet at skulpturen "Harpe" vart flytta frå inngangen til ein mindre synleg stad, og i fjor vart det strid om Nixon-bileta hans burde henge utanfor møterommet til utanrikskomiteen. Det høyrer med til historia at kunstverka var innkjøpte av kunstkomiteen i Stortinget.

- *Med kunst skal vondt fordrivast*, er mottoet til Kjartan Slettemark. Han er utdanna ved Statens handverk – og kunstindustriskule i 1956-59, Statens kunstakademi 1959-60, og ved Gøteborgskolan og Konsthøgskolan i Stockholm. Han har kunstnarløn frå den svenske staten og fekk Stockholm stads heiderspris i 1988. I 2001 fekk han Norsk kulturråds ærespris.

Førde 2. august 2007.
Magni Øvrebotten